



Reigstad Bygg Og Eigedom As  
Osterfjordvegen 124  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/7225 - 23/85017

Saksbehandlar:

Kjartan Medaas

kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:

03.11.2023

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysninger - gbnr 188/6 Gjervik ytre**


Tiltak: Søknad om oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 188/6  
Tiltakshavar: Rolf Reigstad  
Ansvarleg sækjar: Reigstad Bygg og Eigedom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.09.2023. Syner også til telefonsamtale om saka. Me har komme fram til at me ønskjer å handsame saka som ei ordinær delingssak. Ikkje som søknad om rammeløyve.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sækjast om avkøyringsløyve frå G/S- veg E39. Når avkøyringsløyve er gitt må dette sendast kommunen. Søknad om avkøyringsløyve gjer ein på Statens Vegvesen si nettside.
2. Slik kommunen ser det ligg tomta i sin heilheit innanfor gul/ raud støysone. Det må dokumenterast at ny bustad på tomta vil tilfredsstillе kravet til tilfredsstillande støyforhold jf. retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021). Det er også krav til at uteopphaldsarealet skal skjermast mot støy jf. føresegnene til kommunedelplanen punkt 2.6.4 a).



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 03.12.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Når/ om etterspurd tilleggsinformasjon er motteken vil kommunen sende saka til uttale til Statens Vegvesen i forhold at tomte ligg innanfor bandleggingszone for ny E39. Ein vil også sende saka til uttale til avdeling for forvaltning av veg i Alver kommune. Dette i forhold til om dei vil krevja søknad om utvida bruk av avkøyring frå kommunal veg- Lonsvegen. Dette til dykkar orientering.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Reigstad Bygg Og Eigedom As

Osterfjordvegen 124

5914

ISDALSTØ